


# ZENLIGHT

**Kristin Bolstad**

(2011)



**Alle instrument eller ensemble**

Any instrument or ensemble



**NB**  
noter

*This music is copyright protected*



## ZENLIGHT

vart skrive for den canadiske fiolinisten Mira Benjamin, som del av prosjekt med nyMusikks komponistgruppe og nu:nord - eit nettverk for komponistar og utøvarar i Skandinavia, Storbritannia og Canada. Stykket hadde si urframføring i Oslo, 2011.

---

## ZENLIGHT

was written for the Canadian violinist Mira Benjamin, as part of a concert with nyMusikks komponistgruppe and nu:nord – a community of Scandinavian, British, and Canadian composers and performers. The piece was premiered in Oslo, in 2011.

## OM VERKET

### ZENLIGHT

dveler ved tanken om når ein lyd startar å vera ein lyd, og korleis ein lyd kan endra form og meining undervegs. Lyden tek til allereie i eins indre; fyrst som tanke eller førestilling, deretter meir kroppsleg forankra som noko ein kan sansa og «kjenna» på med kroppen, og til slutt som fysisk fenomen og klingande resultat. Opplevinga av lyden kan vera farga av augneblikket, situasjonen og vår eigen ståstad. Der faktorar som dagsform, konsentrasjon, erfaring, emosjonar og tankesett spelar inn. Slik kan reisa mellom det abstrakte og konkrete ved lyd, og refleksjonane som oppstår undervegs, utgjera den musikalske meininga og kjernen av stykket.

### ZENLIGHT

søker dilemmaet om korleis alt er i endring. Korleis erfaring, refleksjon og innsikt gjer at me dannar oss nye perspektiv og syn på ting, og korleis me i større eller mindre grad observerer dette sjølv. Korleis samsvarar til dømes tanken eller førestillinga om lyden, med det klingande resultatet? Har oppfatninga eller opplevinga av lyden endra seg frå starten til slutten av stykket? Har det oppstått ei ny eller anna meining på vegen? Desse refleksjonane hentar inspirasjon frå den zen buddhistiske læra: *Før zen er eit fjell eit fjell. I zen er eit fjell ikkje lenger eit fjell. Etter zen er eit fjell eit fjell* (Dōgen Zenji – 1198-1252). Kva er skilnaden på fjellet før og etter zen? Ingenting, men den opplevde transformasjonen og openberinga av fjellet etterlet likevel ei ny innsikt og oppleving av kva eit fjell kan vera.

## INSTRUKSJONAR

### ZENLIGHT

er for kva som helst instrument eller ensemble.

Verket blir tolka individuelt, og eventuelt frå gong til gong.

Verket har fri lengd.

### TOLKING

Tolkinga kan gjerast på ulike måtar. I eit ensemble kan ein bestemma seg for at det klingande resultatet skal vera ein kløsterakkord. Den enkelte utøvar vel sjølv kva (sin plass i) lyden representerer og uttrykkjer. Kanskje representerer den lyden av staden ein vaks opp, eller stemma til ein person som står ein nær? Ein har på denne måten ei felles forståing for kva det klingande resultatet skal vera, men kva denne representerer er individuell. Slik kan ein også snu på tolkinga, at ein har eit felles utgangspunkt for kva lyden skal representera men at det klingande resultatet er individuelt; Ensemblet bestemmer seg for at den vakraste lyden er lyden av staden ein vaks opp. Kvar enkelt utøvar gjev si lydlege tolking av dette utan at den reflekterer i ei felles forståing for klingande resultat.

Det klingande resultatet treng ikkje nødvendigvis vera lydhermande. Instrumentet ditt har kanskje avgrensingar som gjer at den tenkte lyden ikkje er mogleg, då er kanskje mogleg å spela eller formidla andre sider ved lyden eller det den representerer i staden?

## ABOUT THE PIECE

### ZENLIGHT

dwells on the notion of when a sound begins to be a sound, and how it can change form and meaning along its path. The sound begins to take form inside us; first as a thought, then more physically – anchored to our imagination, as something that can be sensed and "felt". Finally, it becomes a physical phenomenon - the sounding result itself. The experience of the sound can be defined by the moment, the situation, and simply our individual perspective of it; factors such as mood, concentration, experience, emotion, and mindset come into play. Following this train of thought, the journey between the abstract and the concrete in sound, and the reflections that arise along the way, can form the focus and musical meaning of the piece.

### ZENLIGHT

Addresses the idea that everything is in constant change. The notion that experience, reflection and insight cause us to form new perspectives and opinions, and how we observe this to a greater or lesser extent ourselves. How, for example, does the concept or intent for a sound correspond with the physical result? Has your perception or experience changed between the beginning and the end of the piece? Has a new or different meaning arisen along the way? These reflections draw inspiration from the Zen Buddhist teachings: *Before Zen, a mountain is a mountain. With more knowledge of Zen, a mountain is no longer a mountain. After enlightenment, a mountain is a mountain* (Dōgen Zenji – 1198-1252). What is the difference of the mountain before and after Zen? Nothing, but the experienced transformation and enlightenment leaves us with a new insight and experience of what a mountain can be.

## PERFORMANCE NOTES

### ZENLIGHT

is for any instrument or ensemble.

The piece is interpreted individually and may be afresh every time it is played.

The piece can have any duration.

### INTERPRETATION

The piece can be interpreted in a variety of ways. An ensemble may decide on a common sonic focus - for example a cloister chord. Each performer should determine what this represents and how to express it and should find their own way to place within the sound. Perhaps it represents the sound of where you grew up, or the voice of a person close to you. This way there is a common understanding of what the sound should be, yet the expression of it represents is individually defined. Or, to turn this around, there is a common foundation for what the sound represents, but the expression is determined by each performer separately. If the ensemble decide that the most beautiful sound is of where they grew up, each performer present their sonic interpretation of this, without addressing any sense of common sonic result.

The sounding result do not need to be sound imitative. If your instrument has certain limitations which mean that the sound you imagine cannot be played, you could perhaps access other aspects of the sound or the place it represents instead?






# ZENLIGHT

THINK of the most beautiful sound you know

Start to transfer this sound from your mind to your body – and to your instrument



As the sound rises – clearly, confidently –

something disturbing,

as a friction – an interference.

Let the two quarrel

rasping, rasping, rasping, rubbing

scrubbing, scratching, scraping

grate, grind, creak, squeak



as hard as you can  
make them stop

Make them agree  
with peace  
and  
silence



NB  
noter

*This music is copyright protected*

fade out with the most beautiful sound you know

